



Sakspapir – Adm. vedtak

Kode	Utval	Saksnummer	Møtedato
HTN	Hovudutval teknisk/næring	306/17	

Saksbehandlar	Arkiv	Arkivsakid.
Anders Haukanes	GBR - 40/407	11/1170

DETALJREGULERING FOR NORDRE AVKØYRING TIL SVEIO SENTRUM - FV 6/FV 47 - OFFENTLEG ETTERSYN

Saksdokument:

Kart, DETALJREGULERING FOR NORDRE AVKØYRING TIL SVEIO SENTRUM - FV 6/FV 47., FØRESEGNER FOR REGULERINGSPLANEN FV 47 NORDRE AVKØYRING SVEIO 05.09.2017, Planomtale - Nordre avkøyning Sveio_05.12.17, ROS-analyse FV. 47 SVEIO - NORDRE AVKØYRING TIL SVEIO SENTRUM, Teknisketegninger

Kompetansegrunnlag:

- Plan- og bygningslova, særskilt kapittel 12 om reguleringsplanar
- Kommuneplan for Sveio 2011-2023
- Kommunedelplan for Sveio sentrum

Saksopplysningar:

Statens Vegvesen har fremja forslag til detaljregulering for krysset Fv47 og Fv6 (nordre avkøyning til Sveio sentrum), del av gnr 40 bnr 407. Bakgrunnen for prosjektet er trafikk sikring og utbetring av krysset, der målsetjinga er å få fullkanalisert krysset for å betra trafikktryggleiken, og samstundes utbetra tilhøva for dei mjuke trafikantane.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen så langt. Planarbeidet er utarbeidd og finansiert av Statens vegvesen som tiltakshavar. Eventuelle kostnader i samband med planlegginga blir dekkja av tiltakshavar.

Vurdering i høve til folkehelsa:

Det blir i dag stilt krav til at folkehelseomgrepet skal vera med i all planlegging og at ein skal ta omsyn til kva effekt tiltak gjennom planlegginga kan få på folkehelsa.

I arbeidet med reguleringsplan skal ein vurdera kva folkehelserelevante underformål som skal inngå. I tillegg kan ein regulera inn føresegner til desse. Dette for å sikra folkehelserelevante tilhøve, som funksjons- og kvalitetskrav til bygg og anlegg, der omsyn til

helse, miljø, sikkerheit, universell utforming og barn sine særskilde behov for leike- og uteopphaldsareal vert ivaretekne.

Vidare skal ein ta stilling til behovet for å førebyggja og/eller avgrensa forureining innanfor planområdet, utbyggingsmønster, sikring av kulturminne-/miljø og rekkefølgekrav for å sikra tilstrekkeleg sosial infrastruktur og transporttilbod.

Vurdering i høve til konsekvensutgreiing – KU:

Planforslaget er stort sett i samsvar med kommuneplanen og kommunedelplan for Sveio sentrum, og det er planlagt tiltak på eksisterande veganlegg. Noko utviding av veganlegget må påreknast, men vil vera avgrensa. Planen er vurdert i høve til om reguleringsplanen medfører tiltak som kan utløysa krav om konsekvensutgreiing etter pbl § 4-2. Kommunen har konkludert med at KU ikkje er naudsynt. Grunngevinga for dette er vedlegget «*Vurdering av behov for KU*» dagsett 21.11.2011.

Vurdering i høve til ROS-analyse:

ROS-analysen skal vera i samsvar med "Samfunnssikkerhet i arealplanlegging – kartlegging av risiko og sårbarhet" frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB). Planframlegget må syna til ei vurdering av alle tilhøve ved arealet/tiltaket utan omsyn til om risikoen er akseptabel. For tiltak nær Mannavatnet er det særleg viktig å vurdere forhold som gjeld eventuelle endringar i vilkåra og tilhøva i vatnet. Akseptkriteria skal vera i samsvar med krava i TEK 10.

Uttale frå barnerepresentanten etter PBL:

Barnerepresentanten fekk varsel i samband med varsling av oppstart, men det har ikkje kome inn merknad i saka frå han. Forslaget vert på ny lagd fram for barnerepresentanten ved offentleg ettersyn.

Saksorientering:

Oppstartsmøte:

Det var halde oppstartsmøte 23.11.2011. Møtet omhandla innhaldet i ein reguleringsplan for utbetring av krysset som nemnt ovanfor og føremålet med planen. Det var semje om å melda oppstart etter pbl § 12-8 og ikkje § 3-7. Kommunen er planmynde, men Statens vegvesen er ikkje å rekna som ein privat aktør og skal ikkje fakturerast gebyr for oppstart av, arbeid med eller handsaming av planar. Det er ikkje krav om KU (konsekvensutgreiing) for planarbeidet.

Det vart i tillegg halde avklaringsmøte 19.11.2015 der m.a. alternativt kryss litt lengre nord, næringsområdet i kpa og Vikingland var diskutert. Konklusjonen etter møtet var at dette er tilhøve som ikkje går inn i dette prosjektet men som kommunen og vegstyresmaktene vil koma tilbake til ved eit eventuelt seinare høve.

Oppstartsvarsel:

Det var varsla oppstart av planarbeid 31.03.2016 med høyringsfrist til 10.05.2016. Oppstartsvarsel vart òg sendt med e-post eller brev til naboar og offentlege instansar.

Planområdet:

Planområdet ligg aust for Sveio sentrum og omfattar i hovudsak gnr 40 bnr 407, men også delar av gnr 92/1-8, 92/15, 40/2, 40/3, 40/30, 40/45, 40/210, 40/212, 40/320, 40/323, 40/398 og 40/408 vert råka av planen. Planområdet omfattar krysset Fv47 og Fv6 og omkringliggjande område for utviding av eksisterande kryss.

Det ligg ingen andre reguleringsplanar innanfor dette området, eller som grensar til planområdet.

Arealoversikt:

Planområdet er om lag 35,6 daa.

Arealtabell	areal (daa)
§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	
Angitt byggje- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål	0,7
Sum areal denne kategori:	0,7
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
Annan veggrunn - grøntareal (6)	12,7
Gang-/sykkelveg (2)	1,3
Køyreveg (4)	9
Sum areal denne kategori:	22,9
§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur	
Angitt grøntstruktur kombinert med andre angitte hovudformål 2.1	2,1
Sum areal denne kategori:	2,1
§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift	
LNFR formål kombinert med andre angitte hovudformål (3)	9,9
Sum areal denne kategori:	9,9
Totalt alle kategoriar:	35,6

Plantilhøve:

Planområdet er omfatta både av kommuneplanen for Sveio 2011-2023 og kommunedelplan for Sveio sentrum. Det meste av planområdet omfattar dagens vegareal med sideareal og grøfter og skjer som oppgradering av eksisterande tiltak. På delar av strekninga vil utvidinga av vegarealet krevja noko areal av dyrka mark. I tillegg vil vegutvidinga ta noko skogareal og open fastmark. Skogarealet har relativt liten økonomisk verdi sidan det er tale om eit svært avgrensa areal langs vegen. Kommunen kan ikkje sjå at saka medfør vesentleg ulempe eller negative konsekvensar for jordbruksareal eller landbruksdrift. Kommunen meiner det er liten grunn til å tru at drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området skal auka som fylgje av planen. Det blir vidare lagt vekt på det samfunnsgagnet auka trafikktryggleik vil medføra.

ROS-analysen:

Plan- og bygningslova stiller i § 4-3 krav om utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for alle reguleringsplanar. Føremålet med ei slik undersøking er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade på eller tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar m.m.

ROS-analysen er utført som ei systematisk gjennomgang av mogelege uønska hendingar og kor stor risiko desse utgjør for planområdet. Identifisering av mogelege uønska hendingar er

gjort ved hjelp av sjekklister for ROS. For kvar identifiserte mogelege hending er det så vurdert sannsyn for at hendinga oppstår, og konsekvens dersom hendinga oppstår.

Risiko = Sannsyn x konsekvens.

Analysen syner at det må vera fokus på tilrettelegging for gåande og syklende, både under bygging og i driftsfasen. Dette gjeld særskilt frå Bjelland mot Sveio sentrum. Arbeidsvarsling vert viktig i anleggsperioden. Mellombels stenging av Sveiogata bør vera så kort som mogeleg i anleggsfasen, særskilt med omsyn til beredskap og uttrykking for naudetatane. Eventuell stenging må gjerast i samarbeid med naudetatane.

ROS-analysen har ikkje avdekkja særskilde risikopunkt for planområdet ved kryss Fv47 og Fv6 «Nordre avkøyrsløp til Sveio sentrum» i høve til andre tilsvarande anlegg. Alle identifiserte mogelege uønska hendingar kan ein gjera avbøtande tiltak for.

Friluftsliv:

Det er ikkje registrert statleg sikra friluftslivsområder eller turstiar innanfor planområdet, men planområdet grensar til Mannavatnet naturreservat som er eit ettertrakta friluftsliv- og rekreasjonsområde. Frå Fv47 er det tett lauvskog som hindrar innsyn mot vatnet.

Kulturmiljø/kulturminne:

Kulturminne og kulturmiljø er viktige kjelder til kunnskap om samfunn og levevilkår i fortida. Eit kulturmiljø omfattar område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturminne er ein ikkje-fornybar ressurs. Målet med kulturminnepolitikken er difor å forvalta dei kulturhistoriske verdiane på lang sikt som eit kulturelt og miljømessig ressursgrunnlag for morgondagens samfunn.

Det er ikkje kjent automatisk freda eller nyare tids kulturminne innanfor planområdet. Potensialet for funn av ikkje tidlegare registrerte kulturminne er vurdert å vera lågt. Dette skuldast mellom anna at hovudtyngda av tiltak skjer på allereie etablerte tiltak.

Naturressursar:

Det meste av planområdet omfattar dagens vegareal med sideareal og grøfter. På delar av strekninga vil utvidinga krevje noko areal av dyrka mark og skogareal. Skogarealet har relativt liten økonomisk verdi, sidan det er tale om eit svært avgrensa areal langs vegen. Kommunen kan ikkje sjå at saka medfør vesentleg ulempe eller negative konsekvensar for jordbruksareal eller landbruksdrift.

Naturmangfaldlova:

Ved vurdering av planforslaget etter NML og sjekklister utarbeidd av Fylkesmannen i Hordaland er konklusjonane om kva verknader planen har etter Naturmangfaldlova følgjande:

NML § 8 og 9: Kva artar, naturtypar og landskap vert råka av planen, og manglar det tilstrekkeleg kunnskap for å seia noko om verknadene på naturmangfaldet?

Krysset ligg like ved Mannavatn naturreservat. Mannavatn vart verna i 1995. Føremålet med vernet er i hovudsak å verna om eit vatn med trekk- og vinterfunksjon for dykkender. Mannavatnet er eit viktig rasteområde for dykkender haust, vinter og vår. I tillegg er det fleire hekkande ande- og fuglearter ved vatnet.

I Artsdatabanken er det ikkje registrert førekomst av truga artar i Mannavatnet, med unntak av ål (*Anguilla anguilla*). Vatnet er grunt, noko som truleg gir god produksjon av insekt og botndyr (Miljødirektoratet, Naturbase).

Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg og at faren for vesentleg skade på naturmiljøet ikkje er til stades i denne planen. Det er ein føresetnad at tiltaka retta inn mot plan for ytre miljø vert følgt opp ved prosjektering og i anleggsfasen.

NML § 10: Kva eksisterande og framtidige tiltak påverkar/vil kunna påverka influensområdet, og kva vil samla belastning på influensområdet vera?

Delar av plangrensa går like inntil Mannavatnet naturreservat, men det er vurdert slik at veganlegget likevel ikkje vil råka ved reservatet då det er liten forandring i dette området. Det er ein føresetnad at det vert gjort tiltak for å hindra negativ påverknad i anleggsdrifta (jf. Avbøtande tiltak og YM-planen). Samla påkjenning for økosystemet er difor vurdert til ikkje å verta endra i negativ retning i som følgje av tiltaket.

NML § 11: Vil det vera kostnader for å avbøta eller avgrensa skade på naturmangfald?

Det er lite sannsynleg at utbygging her vil auka dei negative verknadane for naturmangfald. Kostnadene med tilpassingar og avbøtande tiltak slik at anlegget gjev minst mogleg skade på naturen er uansett ein del av vegprosjektet og vert dekkja av tiltakshavar (Statens vegvesen).

NML § 12: Er det vurdert alternative løysingar?

Det er utarbeidd plan som skal ivareta naturmiljøet, og dei viktigaste momenta er lista opp i planomtalen. Vidare er det teke inn føresegnar om at desse skal følgjast opp.

Konklusjon naturmangfaldlova:

Det er viktig at ikkje anleggsdrifta påfører biomangfaldet og dyrelivet i Mannavatnet negative konsekvensar. I anleggsfasen må det takast særskilt omsyn til tilslamming, forureining og avrenning av finstoff til vatnet. Det skal ikkje tilførast jord som inneheld framande skadelege planteartar. Ut frå vurderingane og registreringane som er gjort, er det ikkje venta at tiltaket vil få negative verknader for naturmangfaldet.

Forholdet til folkehelse:

Det blir i dag stilt krav til at folkehelseomgrepet skal vera med i all planlegging og at ein skal ta omsyn til kva effekt tiltak gjennom planlegginga kan få på folkehelsa.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltak i samsvar med planen vil medføre auka risiko for folkehelsa i forhold til slik situasjonen er i dag. Gjennomføring av tiltak etter planen vil derimot auka trafikkstryggleiken på staden både for køyrande og mjuke trafikkantar.

Barn og unge sine interesser i planlegginga:

Barn og unge sine interesser er vurderte å vera tilstrekkeleg ivaretekne. Gjennomføring av tiltak etter planen vil betra trafikktryggleiken både for køyrande og mjuke trafikkantar. Då delar av strekkinga fungerer som skuleveg mellom Bjelland og Sveio er det viktig at skulevegen blir halden open og trygg i anleggsperioden. Det skal fokuserast særskilt på tilrettelegging for gåande og syklende forbi anlegget under utbygging, særleg frå Bjelland mot Sveio sentrum.

Medverknad:

Etter oppstartsmøte vart planarbeidet varsla elektronisk på heimesida til kommunen, annonsert i Haugesunds Avis og Vestavind og sendt til diverse offentlege uttaleinstansar, naboar og grunneigarar i planområdet. I tillegg fekk fleire viktige uttalepartar i kommunen oppstartsvarelet.

Uttalar/merknader til oppstartsvarelet:

Offentlege

Fylkesmannen i Hordaland:

Fylkesmannen minner om at statlege retningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Fylkesmannen ser ikkje at planforslaget er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken.

ROS-analyse

Kommunane skal fremja samfunnstryggleik i si planlegging, jf plan- og bygningslova (pbl) § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal visa risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Det er registrert storsalamander ved Sveialeite, samt fiskemåke og dvergdykker ved Mannavatnet. Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Kommentar frå Statens vegvesen til innspelet:

Innspelet blir teke til orientering. ROS-analyse vil bli gjennomført etter Statens vegvesen sine malar og vil også inkludere vurderingar av risiko for flaum og skred. Omsynet til naturmangfald og naturressursar vil bli omtalt i både planskildringa og ROS-analysen.

Sveio kommune sin kommentar:

ROS-analysen har ikkje avdekka spesielle risikopunkt for planområdet, og alle identifiserte potensielle hendingar er det mogeleg å gjera avbøtande tiltak for.

Det er lite truleg at storsalamanderen vert berørt av planlagt utbygging då artsregistreringa ligg mot nordvest og utanfor aktuelt tiltaksområde. I tillegg ligg det aktuelle området høgare oppe, så avrenning vil ikkje skje mot lokaliteten til salamanderen.

Yngle- og rasteområde for ande- og spurvefuglar i Mannavatnet. I tillegg vern av vatn med trekk og vinterfunksjon for dykkender og hekkefunksjon for storlom, jf. KPA. Desse vil kunna bli råka i anleggsfasen som følgje av støv og støy, men vil truleg fort koma tilbake så snart anleggsarbeidet blir avslutta. Ut frå vurderingane og registreringane som er gjort, er det ikkje venta at tiltaket vil få negative verknader for naturmangfaldet.

Haugaland Kraft Nett AS (HK):

Vi forutsetter at våre eksisterende nettanlegg blir hensyntatt i reguleringsplanarbeidet. Vi vil gjøre spesielt oppmerksom på vår 22 kV luftledning som er innenfor planområdet.

Forskrifter for elektriske anlegg – forsyningsanlegg stiller en del krav/ setter en del begrensninger i forbindelse med dette, bl.a. :

- *Minimumshøyde fra offentlig vei og parkeringsplasser til spenningsførende liner.*
- *Bruk av anleggsmaskiner nær spenningsførende høyspentlinjer.*
- *Minimum horisontal avstand til bygninger.*

Vi vil kunne uttale oss om evt. nye strømforsyningsanlegg til området når konkrete planer om behov for dette foreligger.

Kart med oversyn over HK sine nettanlegg i området er lagt ved merknaden.

Statens vegvesen sin kommentar til innspelet:

Det skal gjerast utfyllingar under 22 KV leidningen og det vert fylt tett på eksisterande stolpe. Dersom det vert naudsynt å gjera tiltak på eksisterande stolpe eller heva linja for å få tilstrekkelig høgde under linja vil dette bli avklara med Haugaland kraft før utbygginga tek til.

Sveio kommune sin kommentar:

Det er ein føresetnad at forskriftkrav blir oppfylt og eksisterande anlegg vert tekne omsyn til. Elles vil vegvesenet avklara eventuelle endringar/tiltak på eksisterande anlegg med HK før gjennomføring.

Private:

Bjelland Velforening:

Styret i Bjelland Velforening ser svært positivt på at det nå blir oppstart av detaljreguleringsplan for nordre avkjørsel til Sveio sentrum.

Sykkel- og gangvegen frå denne avkjørsel og vidare nordover langs Fv 47 manglar belysning. Denne strekninga vert brukt som skuleveg for born på Bjelland og søre Lidkrinsen. I tillegg vert nevnte strekning mykje brukt av syklistar, gåande og joggande. I mørketida er denne sykkel- og gangvegen farleg å bruka grunna ein blir blenda av den til tider tette trafikken langs Fv 47, i og med at sykkel- og gangvegen ligg parallelt med vegen. Det kan også om nokre år koma eit gigantisk Vikingland i dette området. Bjelland Velforening ønskjer difor at det samstundes med utbetringa av denne avkjørsel vert sett opp vegbelysning frå dette kryss til Liavegen, ein strekning på ca 2 km.

Statens vegvesen sin kommentar til innspelet:

Det vert lagt opp til at kryssområdet og gang- og sykkelvegen innanfor planområdet vert opplyst. Området vidare langs Fv47 vert ikkje handsama i denne planen og veglys på

strekninga mellom Bjelland gravplass og Liavegen må løysast som innspel til den kommunale trafikkisikringsplanen eller i samband med tilstøytande reguleringsplanarbeid.

Sveio kommune sin kommentar:

Planområdet vert opplyst. Eventuelle veglys utanfor planområdet er ikkje ein del av prosjektet og må løysast på anna vis.

Sigmund Eikemo:

Vi som er oppsittere på Solstadveien ser fram til ei god løysing på nytt kryss til Fv47. Det må tas hensyn til myke trafikantar fra Solstadveien, da der er ein del skoleelever som må krysse vegen og i dagen situasjon så er det lite oversiktlig, mye trafikk og ingen plass å gå. Det er også ønskelig med busslommer i området. Det beste hadde vert om det kunne blitt fotgjegerundergang, da nytt kryss inneberer flere filer på Fv47 og breiere veg å krysse. Det er også ein del trafikk på vegen vår så vi kunne gjerne hatt avkjøringsfil sørfra. Ser fram til å se utkast til plan og at vi kunne få kommentere det.

Statens vegvesen sin kommentar til innspelet:

Trygg kryssing av Fv47 vil krevja planfri kryssing. Dette er ikkje mogleg innanfor dei finansielle rammene til prosjektet. Det vert tilrettelagt for eit betre kryssingspunkt aust for Solstadvegen, med kopling mot gang- og sykkelvegen frå Bjelland.

Det er i dag ca. 1000 meter mellom haldeplassane på Bjelland og ved Sveio skule. Dette er ein tilrådeleg haldeplassavstand i område med spreidd busetnad. Denne kryssinga går mellom G/S-vegen på nordsida av fylkesvegen og over til ei utvida skulder på sørsida av vegen. Dei gåande kan nytta merka midtfelt som ventepunkt ved mykje trafikk.

Det er ikkje krav om svingefelt til Solstadvegen, men med bakgrunn i at det er tilgjengeleg areal vert det eit eige venstresvingefelt mot Solstadvegen for trafikk som kjem frå E39/Haukås. Solstadvegen vil også få ei meir rettvinkla kopling på Fv47 slik at avkøyring frå vest vil vera enklare.

Sveio kommune sin kommentar:

Bakgrunnen for prosjektet er trafikkisikring og utbering av eksisterande kryss, det er soleis avgrensa kva som kan takast med i prosjektet. Det vert tilrettelagt for eit betre kryssingspunkt for mjuke trafikkantar frå Solstadvegen, med kopling til eksisterande G/S-veg frå Bjelland.

Sveio kommune er skeptisk til etablering av busshaldeplass, primært fordi det kan føra til at Kystbussen legg om dagens rute via Sveio sentrum. Det er i dag ca. 1 km mellom haldeplassane ved Bjellandsmyro og Sveio skule. Skyss har heller ikkje ytra ønskje om å få etablert haldeplass innanfor planområdet.

Statens vegvesen er fagmynde og har utarbeidd plan for nytt kryss med bakgrunn i tilgjengelege midlar og areal. Trafikktryggleiken både for køyrande og mjuke trafikkantar vert klårt betra. Det vert eige venstresvingefelt for trafikk frå E39/Haukås mot Solstadvegen, som vil få ein meir rettvinkla kopling på Fv47 slik at avkøyring frå vest vil vera enklare.

Dimensjon rådgiving AS, på vegner av Svein Olav Bjelland:

Det er bestilt oppstartsmøte med Sveio kommune for regulering av fremtidig næringsområde på gnr.92 bnr. 15.

Det er ønskelig at avkjørsel fra det fremtidige næringsområdet i størst mulig grad innarbeides i SVV sin plan.

Det er ønskelig at det tas med overvannsledning/stikkrenne gjennom ny Fv.47 med utløp til Mannavannet som har tilstrekkelig dimensjon til å handtere overvann fra fremtidig næringsområde. Det er ønskelig at det legges av stikkledning/påkoblingspunkt for næringsområdet.

Ved eventuell fremføring av spillvann (pumpeledning/selvfallsledning) er det ønskelig at det legges av stikkledning/påkoblingspunkt for næringsområdet.

Sveio kommune sin hovedvannledning krysser over gnr.92 bnr 15. Plassering av denne er usikker, og den ligger mest sannsynlig i myrmasser og er dermed sensitiv for overfylling. Ved eventuell omlegging av vannledning er det ønskelig at det legges av stikkledning/påkoblingspunkt for næringsområdet.

Grunneier forbeholder seg retten til alt av tømmer innenfor egen eiendom.

Det forutsettes at SVV tar initiativ til grunneieravtale for eventuell utbygging som berører gnr. 92 bnr. 15.

Statens vegvesen sin kommentar til innspelet:

Planen skal regulere ei utbetring av eksisterende kryss og inneber ikkje systemmessige endringar i trafikksystemet. Tilkomst til eit eventuelt næringsområde på 92/15 må dermed løysast gjennom reguleringsplan for dette området.

Stikkrenner under fylkesvegen vert dimensjonert i byggeplanen. Dette vert gjort i samråd med Sveio kommune. Det vert ikkje gjort endringar på vass- og spillvassleidningar. Vassleidning på 92/15 vert ikkje påverka av tiltaket.

SVV vil ta initiativ til forhandlingar med råka grunneigarar før byggjestart, og forhold som til dømes uttak av tømmer vil kunna bli diskutert her.

Sveio kommune sin kommentar:

Bakgrunnen for prosjektet er trafikksikring og utbering av eksisterande kryss, det er såleis avgrensa kva som kan takast med i prosjektet. Tilkomst til 92/15 må løysast gjennom ev. planlegging av dette området.

Eigedomstilhøva vert ordna mellom vegvesenet og råka grunneigarar før tiltak etter planen vert sett i gang.

Vurdering:

Forslaget til reguleringsplan for nordre avkjøring til Sveio sentrum, Fv6/Fv47, gnr 40 bnr 407 m.fl. er grundig vurdert og utgreidd av Statens vegvesen. Planen er stort sett i samsvar med gjeldande kommuneplan/kommunedelplan for området, og skjer i hovudsak på som utbetring av eksisterande vegar, med unntak av delar av strekninga der utvidinga av vegarealet vil krevja noko areal av dyrka mark. Rådmannen kan ikkje sjå at saka medfører vesentleg ulempe eller negative konsekvensar for jordbruksareal eller landbruksdrift. Kommunen meiner det er liten grunn til å tru at drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området skal auka som følgje av planen. Det blir vidare lagt vekt på det samfunnsgagnet auka

trafikktryggleik vil medføra. Det har ikkje kome fram informasjon som tilseier at det er negative konsekvensar som gjer at planforslaget ikkje bør leggjast ut til offentleg ettersyn. Planen kan såleis leggjast ut til offentleg ettersyn.

Delegeringsreglementet for Sveio seier i pkt. 8.2.2 at det er hovudutvalet som er fast utval for plansaker etter plan- og bygningslova. Med bakgrunn i at planarbeidet er utført og ferdigstilt i haust og det ikkje er politiske møte før etter nyttår, vert planforslaget i tråd med administrativt vedtak lagt ut til offentleg ettersyn. Dette vil vera i samsvar med delegeringsregelementet som i pkt. 8.4.3 gjev rådmannen mynde til å leggja ut planar til offentleg ettersyn.

VEDTAK:

1. I medhald av §§ 12-10 og 12-11 i plan- og bygningslova vert forslag til detaljregulering for nordre avkøyring til Sveio sentrum – Fv6/Fv47 del av gnr. 40 bnr. 407 lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Høyringsfrist vert sett til 6 veker frå kunngjeringsdato

Bjarne Hetlesæter
Einingsleiar plan/næring/brann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.